

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref: 202305721
Vår ref: 2024/74135
Dato: 21.05.2024
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



HØYRINGSFRÅSEGN TIL SAKSNUMMER 202305721 FRÅ MATTILSYNET AVD. NORDFJORD

Vi viser til brev frå NVE, datert 3. april 2024, med høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk i Gloppen kommune.

Mattilsynet er statleg sektormyndigheit for områda planter, fisk, dyr, mat og drikkevatn. Som høyringsinstans har Mattilsynet i oppgåve å bidra til at planar tek omsyn til nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltingsområde. I tilknytning til dette konsekvensutgreiingsprogrammet (KU-programmet) er tema knytt til drikkevassforsyning, plantehelse og akvakultur særleg relevante.

Mattilsynets innspel knytt til drikkevassforsyning:

Mattilsynet forvaltar [drikkevassforskrifta](#) (Forskrift om vannforsyning og drikkevann FOR-2016-12-22-1868). Forskrifta sitt føremål er å beskytte menneske si helse ved å stille krav om sikker levering av tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatn som er klart og utan framtreddande lukt, smak og farge.

Drikkevassforskrifta § 4 gir alt drikkevatn eit sterkt vern mot alle typar forureining. I regelverket står dette: «Det er forbudt å forurense drikkevann. Forbudet omfattar alle aktiviteter, fra vanntilsigsområdet til tappepunktene, som medfører fare for at drikkevannet blir forurenset.»

Mattilsynet har ikkje fullstendig oversikt over alle private vassforsyningssystem i området. Det er viktig at det kjem fram at de har undersøkt om det er private vassforsyningssystem som kan verte negativt påverka av tiltaket.

I tilknytning til KU-programmet vil vern av eksisterande og framtidige drikkevasskjelder vere viktige. Vi føreset at KU-programmet omtalar eventuelle negative konsekvensar for nedslagsfeltet og råvasskjelda. Eventuelle avbøtande tiltak for å sikre nok og trygt drikkevatn må identifiserast og fastsettast. Dette gjeld for både utbyggingsfasen og driftsfasen for kraftverket.

Mattilsynets innspel knytt til fiskehelse og fiskevelferd:

Mattilsynet har forvaltningsansvar for å vareta god velferd hos fisk og tifotkreps og fremje god helse hos akvakulturdyr og andre akvatiske dyr. (Jf. Forskrift om omsetning av akvakulturdyr og produkter av akvakulturdyr, forebygging og bekjempelse av smittsomme sykdommer hos akvatiske dyr FOR-2008-06-17-819 og Forskrift om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften) FOR-2008-06-17-822).

Mattilsynet peikar på at det er særleg plikt til aktsemd med tanke på å førebygge og forhindre risiko for spreiring av smittsame sjukdommar til dyr, medrekna akvatiske dyr. Dyrevelferdslova seier at dyr, inkludert akvatiske dyr, skal behandlast godt og beskyttast mot fare for unødige påkjenningar og belastningar.

Om uttala: Re Energi AS planlegg bygging av Re Energi kraftverk i Gloppen kommune. Tiltakshavar ønskjer å nytte delar av fallet i Storelva til kraftproduksjon. Tiltaket i Storelva ligg mellom Byrkjelo og Re. Elva går ut i Breimsvatnet ved Re. Det er ingen oppdrettslokalitetar i nærleiken. Det er heller ikkje nasjonale laksevassdrag i området. Utløpet frå Breimsvatnet går ut i Gloppefjorden som er del av Nordfjord-systemet og grensar mot den nasjonale laksefjorden inst i Nordfjord.

Vår vurdering: Det er ikkje anadrome stammer av vill laksefisk i Storelva grunna vandringshindre mellom fjorden og Breimsvatnet. Elva har ein liten bestand av bekkeare. Det er storaure i Breimsvatnet, men desse går i lita grad opp elva. Det er i meldinga frå tiltakshavar lagt opp til fleire avbøtande tiltak for å sikre villfisk rundt inntaket til kraftanlegget, for å sikre passasje opp -og nedstraums forbi dammen, og for å sikre minstevassføring og tilfelle der vassnivået skulle synke plutsleg. Desse tiltaka er viktige slik Mattilsynet ser det, og tiltakshavar må sikre at dei blir tatt med vidare i planlegginga.

Det må stillast krav til entreprenørar og andre relevante verksemdar om vask og desinfeksjon av anleggsmaskiner og anna utstyr før dei kan nyttast i og nær vassdrag. Under anleggsfasen vil det kunne oppstå avrenning frå anleggsvatn og frislepp av steinstøv, eller utslepp av kjemikaliar og olje frå maskiner, og entreprenør må kunne setje i verk naudsynte tiltak for å hindre skade på resipienten. Partiklar og kjemikaliar vil kunne påverke vill laksefisk negativt. Store mengder partiklar kan mellom anna irritere gjellene på fisk med påfølgjande auka slimproduksjon. Mykje slim på gjellene vil gi nedsett evne til å ta opp oksygen, og fisken vil kunne lide under dette.

Generelt innspel om plantehelse

Mattilsynet forvaltar plantehelseforskrifta og vårt ansvarsområde er å forhindre spreiring av planteskadegjerarar som kan ha alvorlege samfunnsøkonomiske konsekvensar. Matlova § 18 stiller òg krav om at alle skal vise nødvendig aktsemd, slik at det ikkje oppstår fare for utvikling eller spreiring av planteskadegjerarar.

Uønskt spreiring kan skje både med jordmassar som vert flytta og ved å bruke maskiner som har rester av jord, frø og planter. Faren for spreiring er størst frå område med tidlegare eller noverande dyrka mark. Det er viktig at både utbyggjar og entreprenørar som skal planlegge og/eller utføre anleggsarbeid er seg sitt ansvar bevisst. Vi ber dykk lese denne informasjonen og ta omsyn til dette: [Risiko for spredning av planteskadegjerarar og floghavre i forbindelse med anleggsarbeid](#)

Med helsing

Bente Sande
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*